

Informasjon om plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Du kan ha plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

For å få permanent oppholdsløyve eller statsborgarskap, har du blant anna plikt til å gjennomføre 300 timar opplæring i

- norsk (250 timar), og
- samfunnskunnskap (50 timar)

Du må sjølv betale for opplæringa.

Du kan søkje om fritak frå opplæringsplikta dersom

- du kan dokumentere tilstrekkelege kunnskapar i norsk eller samisk, eller
- særlege helsemessige eller andre tungtvegande årsaker tilseier det

Praktisk informasjon

Du må sjølv kontakte vaksenopplæringa i kommunen der du er folkeregistrert, for å søkje om opplæring eller fritak. Kontakt vaksenopplæringa dersom du har spørsmål eller ønskjer å vite meir om fristane og rettane dine.

Du kan òg finne informasjon på www.imdi.no og www.udi.no